

**Varsel om oppstart av planarbeid
REGULERINGSPLAN FOR LANDBASERT FISKEOPDRETTSANLEGG MED TILHØRENDE
INFRASTRUKTUR,
Parisvatnet i Øygarden kommune.**

I medhald av plan- og bygningsloven § 12-8 varsels oppstart av privat reguleringsplan for Gnr. 6, Bnr. 73,183, del av Gnr. 6, Bnr. 5, 6, 20, 56 m.fl. Parisvatnet i Øygarden kommune.

Tiltakshavar for planarbeidet er Øygarden Seafood AS. Utførande konsulent er Akons AS.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for landbasert oppdrett i Parisvatnet. En har valt å varsle oppstart for eit større område enn det verksemda krev, for å kunne vurdere alternativ tilkomst og opne for ulike andre endringar som måtte følgje av planprosessen, konsekvensutgreiing og medverknad.

I kommuneplanen sin arealdel er Parisvatnet sett av til akvakultur. Tilkomst er i dag over kommunal veg Stormyrvegen.

Varslingsområdet er samla på om lag 390 dekar. I varsla område inngår og tilgrensande eigedomar som kan verte regulert i samsvar med dagens bruk, offentlege krav eller i dialog med grunneigar. Til dømes skal ein sjå på ny bruk av akvakulturområde i sundet nord for Skjoldpollen. Det vert ikkje endra bruk for areal frå andre eigedomar utan at grunneigarar vert kontakta særskilt. Planområdet kan bli mindre enn varslingsområdet etter at vegløyningar og anna er avklart. Netto areal for akvakultur vert truleg om lag 100 daa. Viser til vedlagt planprogram for nærmare opplysningar.

Formål er i hovudsak i samsvar med kommuneplanen, men ein legg opp til akvakulturanlegg med høg produksjon som set krav til større areal på land. Desse areala er i dag LNF område i kommuneplanen sin arealdel. Sidan tiltaket ikkje har vert konsekvensutgreidd i samband med revisjon av kommuneplanen utløyser planen krav om konsekvensutgreiing med planprogram. Framlegg til planprogram er vedlagt. En kan komme med innspel til planprogrammet som gjeld utgreiingstema, og innspel til oppstart av planarbeidet som gjeld arealbruken innanfor området.

Alle innspel og merknader vil følge planprogrammet eller planforslaget når det leverast til kommunen. Etter at merknadsfristen er ute vil sjølve planforslaget bli utarbeida, for deretter å bli sendt til Øygarden kommune for sakshandsaming.

Laurdag 23 mars kl. 14.00 vil konsulent være til stades ved Havforskinga sit tidlegare anlegg i Nautnesvågen for å svare på spørsmål som gjeld planarbeidet.

FRIST FOR MERKNADER ER: 27.04.2019

Etter første gangs behandling i kommunen blir planframlegget lagt ut til offentlig ettersyn. Det vil da bli anledning til å koma med merknader og innspel til planforslaget før vidare politisk behandling.

Innspel og merknader sendes til: **Akons AS, pb. 21, 5207 Søfteland**, eller som e-post til: **even@akons.no**

Varsling blir kunngjort i Vestnytt og på www.akons.no

Vedtak om oppstart av planarbeidet var gjort i Utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS) 14 mars 2019, sak 19/3453 - Landbasert fiskeoppdrettsanlegg i Parisvatnet, Nautnes - oppstart av reguleringsarbeid og forslag til planprogram. Saksdokument med vedlegg finn de på kommunen sin heimeside.

Spørsmål om planarbeidet kan rettes til Even Akerø tlf. 980 98 397